



**Hjartdal  
Elverk AS**

Noregs vassdrags- og energidirektorat  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

Dykkar ref. 201208132-10

Sauland 16.3.2016

**Skagerak Kraft AS – Søknad om løyve til å bygge Gjuvåa kraftverk i  
Hjartdal kommune i Telemark – høyring**

Hjartdal Elverk er positive til ei utbygging av Gjuvåa kraftverk i Hjartdal kommune.

Det er pr. i dag tilknytt 3 småkraftverk og eit mikrokraftverk til Hjartdal Elverk sitt 22kV distribusjonsnett, med ein samla ytelse på om lag 11,2 MW.

Tilknyting av småkraftverk ute i distribusjonsnettet gjev ulike utfordringar, t.d. spenningsvariasjonar ut frå storleiken på produksjon og forbruk.

For Gjuvåa kraftverk så vil ei tilknyting bety at distribusjonsnettet må forsterkast mellom Stuvrud og Mydalen, da sett i fht til at det er normalkjøring for forsyning inn til Tuddal. Ved eit endring av koplingsbilete, der mating av distribusjonsnettet skjer frå Sauland, dvs brot mellom Stuvrud og Mydalen, så vil store delar av dagens distribusjonsnett Tuddal – Sauland ikkje vera sterkt nok til å ta i mot ein produksjon som oppgjeve i søknad, utan at det skjer ei forsterking.

Det skal i tidlegare brev(villighetserklæring) til Skagerak kraft, samt i samtalar blitt tatt opp dette med ein transformatorstasjon inn mot 132kV regionalnett i Tuddal som ei løysing på problemet.

Når det gjeld tilknyting av kraftverket og grensesnitt mot distribusjonsnett, så ser vi for oss dette i ein nettstasjon/koplingskiosk.

For avtale om nettilknyting så vil det vera REN sitt avtaledokument som vil bli lagt til grunn.

Med venleg helsing

Oddgeir Kasin

Avdelingsleiar nett/driftsleiar